

## **Informasjon til lærar om forskingsprosjekt på elevtekstar**

Dette er eit spørsmål til deg om å bruke tekstane som elevane dine skriv som datamateriale i mi masteroppgåve. Eg er interessert i elevtekstar frå ungdomsskulen og korleis elevane skriv. I dette skrivet vil du få informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg

### **Føremål**

Noko av det viktigaste oppdraget skulen har er å lære elevane å skrive og å skrive godt. Dette vert også underbygt av det høge timetalet som norskfaget har i dagens skule. I tillegg vil skriveferdigheitene til elevane gjere seg gjeldande i andre skulefag, som til dømes samfunnsfag, naturfag og liknande. Sist, men ikkje minst, er det sentralt å påpeike at mykje av kommunikasjon utanfor skulen også har forankring i norskopplæringa. Unge i dag produserer store mengder tekst kvar einaste dag, på ulike plattformer. Skulen legg dermed grunnlaget for korleis denne teksten blir skapt!

### **Bakgrunn**

Bakgrunnen for oppgåva mi er at eg tek ein mastergrad i norsk ved Høgskulen på Vestlandet – Campus Sogndal. Gjennom desse studieåra har det meldt seg ein interesse for noko av det viktigaste norskfaget driv med, nettopp skrivning. Basert på dette har eg funne ut at den mest reelle situasjonen for å sjå på korleis skriveopplæringa har vore, er å sjå på tekstane elevane skriv.

### **Kvifor får du spørsmål?**

Du får spørsmål om å delta i denne studien fordi du er lærar på ein ungdomsskulen. Som tidlegare skrive handlar mykje av interessa mi om måten elevar skriv på, og gjerne spesielt elevar i 15-16 årsalderen. Dette fordi dei har begynt å bli gode skrivarar, og tek sjølvstendige val i utarbeidinga av tekst.

### **Kva inneber det for deg å delta?**

Prosjektet mitt går ut på å analysere elevtekstar frå ungdomsskulen ut frå ei spesifikk skriveoppgåve. I tillegg vil eg observere kor informasjonsflyten som blir gitt til elevane når oppgåva vert utdelt i klasserommet. Dersom du samtykker til at eg kan observere modelleringa av skriveoppgåva, samt bruke elevtekstane i oppgåva mi, gir du meg lov til å analysere korleis elevar skriv. I tillegg vil det bli trekt parallellar til måten lærar eksplisitt deler ut oppgåva på. Eg kjem med andre ord ikkje til å sjå på og vurdere innhaldet i teksten. Ein konsekvens av dette kan vere at eg siterer deg på enkeltord, delar av ei setning eller fulle setningar under utdelinga av oppgåva. Eg vil også kunne sitere teksten til elevane på same måte. Tekstane skal sjølvstendige verte anonymisert,

slik at ingen kan vite kven, eller finne ut kven, som har skrive den. Det blir difor viktig at du sensurerer eventuelle personlege opplysningar i elevtekstane. Når eg siterer frå utdelinga av skriveoppgåva vil eg kalle det «lærer 1» og «lærer 2». Ved sitering av elevtesktane i oppgåva mi, vil eg kalle dei «elevtekst a», «elevtekst b», «elevtekst c» eller liknande.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du samtykker skriftleg til at eg kan bruke deg og dine elevar, vil du legge dei anonymiserte tekstane dine på ein minnepenn og levere til meg

### **Ditt personvern**

Det vert ikkje noterte ned nokon opplysningar som kan identifiserer deg under utdelinga av skriveoppgåva. Du må i tillegg anonymisere elevtekstane før dei vert sendt til meg. Eg kjem altså ikkje til å få personopplysningar om deg eller nokon av elevane, noko som betyr at verken eg eller andre kan identifisere deg. Det einaste som vil kome fram i oppgåva mi, er at du er lærar på ein ungdomsskule og underviser i norsk

Prosjektet skal etter planen vere ferdig mai 2023.

### **Kor kan du finne ut meir?**

Har du spørsmål til studien, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal, ved Roger Pollen ([rogerpollen@hotmail.com](mailto:rogerpollen@hotmail.com)), rettleiar Eli Bjørhusdal ([Eli.Bjorhusdal@hvl.no](mailto:Eli.Bjorhusdal@hvl.no)) eller rettleiar Vilde Kompelien ([Vilde.Kompelien@hvl.no](mailto:Vilde.Kompelien@hvl.no)).
- Fagansvarleg for forskingsetikk og personvern i forking ved HVL: Anne Mette Somby ([Anne-Mette.Somby@hvl.no](mailto:Anne-Mette.Somby@hvl.no))

Beste helsing,

Roger Pollen  
Masterstudent

---

# Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet om elevtekstar på ungdomsskulen, samt fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å bli observert under utdelinga av skriveoppgåva
- å levere anonymiserte elevtekstar til analyse
- at data om mitt arbeid blir publisert i ei masteroppgåve, utan nokon form for gjenkjenning

Eg samtykker til at mine opplysningar vert handsama frem til prosjektet er avslutta, mai 2023

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)